

Møte i FAU 22.09.22

Frammøtte: Guri Eikeland (avtroppende leiar), Agata Klawikowska, Alexander Montgomery-Andersen, Fredrik Spanne Fausk, Kristina Roda Reilstad, Linn Kristin Flesjå-Johansen, Trond Egil Sivertsen, Vidar Skavland, Øyvind Eggebø og Reidun Aabrekk Bråtveit. Meldt forfall: Tove Tysdal Bergjord

1. Konstituering av FAU

- a. Leiar (også medlem av SU): Agata Klawikowska
- b. Nestleiar: Øyvind Eggebø
- c. Sekretær: Reidun Aabrekk Bråtveit
- d. SU: Linn Kristin Flesjå Johansen
- e. Vara til SU: Trond Egil Sivertsen. 2.vara: Fredrik Spanne Fausk
- f. SMU: Kristine Roda Reilstad
- g. Vara til SMU: Trond Egil Sivertsen. 2. vara: Fredrik Spanne Fausk
- h. KFU: Tove Bergjord Tysdal

2. Gjennomgang av vedtekter for FAU

Alle klassetrinn må hugse å velje vara-representant for FAU. Vararepresentant skal møte dersom FAU-representant ikkje kan.

3. SU-saker

a. Plan for godt læringsmiljø

Me såg på planen Finnøy skule har for eit godt læringsmiljø.

b. Årshjul

Me gjekk gjennom årshjulet.

4. Leksefri skule

a. Kor langt er skulen komen med å definere kva ein leksebevisst skule er for dei? Korleis arbeider de for praktisk implementering av dette? Ref. siste info lagt ut på minskole i mai, om at personalet skal arbeide med dette i tidleg haust. Viktig at foreldre/føresette vert informert om status i dette arbeidet.

Våren-22 vart det bestemt at skulen skal vere ein leksebevisst skule der ein legg til grunn tre element: Moderat omfang, repetisjon og meistring.

Prosess i løpet av hausten: Skulen har så vidt starta drøfting på småskule- og mellomtrinnet og ungdomsskulen. Dette skal også vere tema på foreldremøta med evt tilbakemeldingar om arbeidet vidare på skulen, og det skal vere tema i skulen si utviklingstid. Det skal lagast eit utkast til standard som vert sak i FAU og SU før jul.

5. Oppfølging av samarbeidsavtale med Frivilligsentralen ang. Natteravn

a. Sjå info i forrige referat. FAU bør velje ein representant som tek ansvar for å engasjere seg mot Frivilligsentralen ang. Natteravn. Me blir også invitert på møte om Natteravn for Stavanger Kommune ein gong i halvåret, temakveld og førstehjelpskurs.

Fredrik Spanne Fausk veljast som representant.

b. Obligatorisk natteravning?

FAU tok ikkje stilling til dette på møtet, men diskuterte rundt temaet.

6. Stavangerstandarden for heim-skule samarbeid

a. Gjennomgang av resultat frå spørjeundersøking om heim/skule samarbeid.

Me fekk 114 svar. Områda som scora lågast, var spørsmåla som omhandla digital kompetanse. Ved spørsmål om foreldre/føresette får god informasjon om skulen sine digitale verktøy ved skulestart, svarer 17 at praksis må endrast og 53 at praksis må bli betre. Ved påstanden om at foreldre/føresette har gode moglegheiter til å følgje med på elevane sine læringsarbeid, svarer 63 at praksis må endrast/betrast. Påstanden «Foreldre/føresette får opplæring i dei digitale verktøyå elevane brukar» scorer også lågt.

b. Definere område FAU skal fokusere på saman med skulen for 2022/2023

FAU tilrår at områda som omhandlar digital kompetanse vert fokusert på framover.

c. Konkretisere hvordan vi skal jobbe videre med det utvalgte området.

Denne saka vidareførast til neste møte.

7. Ymse

I vedtekten til FAU står det: «*FAU skal i løpet av året arrangere en felles temakveld for foreldre*».

Vidar foreslo ein aktuell føredragshaldar og tek saka vidare.

Tolking. Er det aktuelt å få til tolking på foreldremøta?

Neste møte 8. november kl 19.45